



- A R B E I D S P L A N -

I løpet av 1. kvartal 2018 skal ein ny strategiplan vera klar. Denne strategiplanen skal godkjennast på årsmøtet, og skal vera gjeldande frå årsmøtet 2018 til årsmøtet 2021. Arbeidsplanen vil ta utgangspunkt i dei 4 hovudpunkta i strategiplanen samt velferdsordningane.

VELFERDSORDNINGANE

Grunnlaget for drifta i NLT og medlemslaga er velferdsordningar som fungerer. Arbeidet for best moglege velferdsordningar er ei viktig oppgåve. NLT skal med sin kompetanse og sitt gode omdøme vera det organet som det er naturleg å venda seg til når det gjeld spørsmål om velferdsordningane.

Vi vil ha fokus på følgjande punkt inn mot jordbruksforhandlingane i 2018 i prioritert rekkefylgje:

- Utvikling av landbruksvikarordninga
 - Avvikla kravet om at eventuelt overskot i ordninga eitt år skal betalast tilbake eller motreknast mot tilskotet neste år, for å gje landbrukstenestene sjansen til å bygga opp ein god beredskap under landbruksvikarordninga.
 - Fjerna grensa på kor mykje landbrukstenestene som mottek tilskot kan bruka til administrasjon, opplæring og rekruttering, som i dag er på kr. 40.000,- per årsverk.
- Tilskota må følgja kostnadsutviklinga. Dei ulike tilskota har eit etterslep i forhold til kostnadsutviklinga og bør justerast for dette etterslepet og etter den tid følgja kostnadsutviklinga. Ved å knytte tilskota til G vil ein ha ein automatisk utvikling av tilskota frå år til år.
 - Tilskot ved ferie og fritid bør aukast til kr. 87.000,- for å ta igjen kostnadsutviklinga.
 - Tilskot per dag under sjukdom bør aukast til kr. 1.875,- for å ta igjen kostnadsutviklinga.
- Tilknytingskrav til føretaket ved tilskot til sjukdom mv.
 - Kravet om ein ½ G i næringsinntekt vert erstatta med eit krav om næringsinntekt uavhengig av storleik.
 - Sambuarar vert teke inn i ordninga etter nærare retningslinjer.

I tillegg vil ein ha fokus på å føre vidare den gode dialogen med faglaga, både sentralt og på fylkesplan. Velferdsordningane engasjerer på alle nivå. I tillegg må ein heile tida sjå på korleis ein skal få inn våre synspunkt i dei ulike politiske parti på Stortinget. Det er viktig å sjå alle velferdsordningane under eitt for å få fungerande velferdsordningar for bonden.

ORGANISASJON

Organisasjonen vår har ei viktig oppgåve i landbruket. Uavhengig av kva del av landet ein bur i, skal bøndene våre kjenne seg trygge på at dei får det same tilbodet. Det vere seg ferie og fritid, hjelp ved sjukdom eller ved krisesituasjonar. Merkevara vi tilbyr skal vera til å kjenna att. Vi utfører ei teneste for den norske bonden, men og på oppdrag frå avtalepartane i landbruket. Dette medfører eit ansvar for kvalitet i alle ledd.

Det er viktig å vera synleg og til stades på dei arena landbruket møtest, om det er lokalt, regionalt eller sentralt. Prosessen rundt siste jordbruksmelding gjev eit klart signal om at velferdsordningane står sterkt. Å forvalta dette ansvaret på ein god måte gjev tillit til å vidareføre velferdsordningane, ja kanskje til og med styrka dei. Vår organisasjon må vere med å leggja til rette for dette.



- A R B E I D S P L A N -

BEREDSKAP OG KOMPETANSE

NLT skal dekke den norske bonden sin etterspurnad etter kvalifisert arbeidskraft til ei kvar tid. Landbruksvikarordninga med beredskap ved akutt sjukdom og krise, er ein viktig tryggleiksfaktor for bonden og for å ivareta god dyrevelferd.

Dette krev velfungerande lag som samarbeider og kommuniserer godt.

Ein må sørge for å ha fagleg kvalifiserte tilsette som jamnleg tek kurs og etterutdanning.

Det må leggast til rette for at tilsette kan ta fagbrev.

NLT må aktivt påverka faglag og politikarar for å sikre at velferdsordningane og fagutdanninga vert utvikla vidare.

OMDØME OG RAMEVILKÅR

Eit godt omdømme er avgjerande for å kunne eksistera over tid for alle selskap. Vi må levera tenester våre eigarar og kundar etterspør, med høg kvalitet i alle ledd på ein effektiv og servicevenleg måte. Dette er med på å skapa eit godt omdømme for Landbrukstenester. Det er og viktig for at vi skal vera eit kjent positivt merkenamn for bonden, og ein attraktiv arbeidsplass for våre tilsette.

Vi opplever stadig endringar av rammevilkår og ein auka konkurranse innanfor vårt arbeidsfelt. Det er difor nødvendig å ha stor merksemd rundt våre kjernetenester, landbruket sine velferdsordningar. Vi må arbeide aktivt mot både politikarar og faglag, lokalt og sentralt, for å sikre og utvikle ordningane.

ADMINISTRASJON OG UTVIKLING

Det vert ofte sagt at dei tilsette er ei bedrift si viktigaste ressurs. For NLT, som er bondens vikarbyrå, er dette på alle måtar rett. I ein arbeidsmarknad med stor konkurranse om dei dyktige medarbeidarane er det å stå fram som ein attraktiv arbeidsgjevar av stor verdi. Vi treng omgjengelege leiarar og tilsette med god fagkunnskap, endringsvilje, fleksibilitet og serviceinnstilling. Slike tilsette får ein om ein er ein ryddig og positiv arbeidsgjevar som ser og motiverer den einskilde arbeidstakar. Dette gjev eit godt grunnlag for utvikling og vekst i organisasjonen. Det er naudsynt for å styrka seg i møte med konkurrentar og skapa grunnlag for ein trygg økonomi.